

Fra: Ruth Halvorsen (Ruth.Halvorsen@austrheim.kommune.no)

Sendt: 16.12.2014 10:14:05

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi:

Emne: Tilbud om å delta i pilotprosjektet "Trafikksikker kommune"

Vedlegg:

Hordaland Fylkeskommune
postboks 7900

5020 BERGEN

Dato	Sakshandsamar	Vår ref.	Dykkar ref.
16.12.2014	Ruth Karin Halvorsen	14/1439 - 7	

Tilbud om å delta i pilotprosjektet "Trafikksikker kommune"

Vedlagt følger vedtak.

Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Klagen skal sendast skriftleg til den instansen som har fatta vedtaket. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endrinar du ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vennleg helsing

Ruth Karin Halvorsen
saksbehandler

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen underskrift

Andre mottakere:

Hordaland Fylkeskommune

Statens vegvesen Region Vest

Trygg Trafikk

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	FA - Q80	14/1439

Tilbod om å delta i pilotprosjektet "Trafikksikker kommune"

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune vert deltakar i

Formannskapet - 266/14

FS - behandling:

Framlegg frå rådmannen:

Austrheim kommune vert deltakar i pilotprosjektet " Trafikksikker kommune". Ordførar og rådmann får fullmakt til å skriva under på ein intensjonsavtale mellom Austrheim kommune, Trygg Trafikk Hordaland og Hordaland fylkeskommune. Rådmannen får fullmakt til å setja ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide med pilotprosjektet " Trafikksikker kommune".

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Austrheim kommune vert deltakar i pilotprosjektet " Trafikksikker kommune". Ordførar og rådmann får fullmakt til å skriva under på ein intensjonsavtale mellom Austrheim kommune, Trygg Trafikk Hordaland og Hordaland fylkeskommune. Rådmannen får fullmakt til å setja ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide med pilotprosjektet " Trafikksikker kommune".

Saksopplysninger:

Austrheim kommune har fått tilbod frå Trygg Trafikk Hordaland om å bli ein av tre deltakande kommunar i pilotprosjektet "Trafikksikker kommune". Dei andre kommunane i Hordaland som har fått tilbodet er Lindås og Vaksdal. Prosjektet er eit samarbeid med Hordaland fylkeskommune og skal sikre eit systematisk arbeid for å auke trafikktryggleiken i kommunane. For å oppnå godkjenninga "Trafikksikker kommune" må kommunen dokumentere at ein arbeider heilheitleg og målretta med trafikktryggleiken. Austrheim kommune vart invitert til informasjonsmøte med Hordaland Fylkeskommune og Trygg Trafikk Hordaland

om saka den 07.11.2014.

Prosjektet «Trafikksikker kommune» vil sikre forankring av trafikksikringsarbeidet i større delar av Austrheim kommune enn det ein tidlegare har oppnådd. Prosjektet "Trafikksikker kommune" vil krevje nytenking innanfor planarbeidet for trafikksikring. Ein ser føre seg at prosjektet "Trafikksikker kommune" vil påverke korleis ein ser på trafikksikringa på tvers av avdelingar og i heile kommunen.

Austrheim kommune søkte den 14.11. 2014 om midlar til å utarbeide ny kommunal trafikksikringsplan. Dette vart me oppmoda til å gjera av dei som arbeider med «trafikksikker kommune» i Hordaland fylkeskommune og Trygg Trafikk Hordaland. Det er Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) som handsamar denne søknaden i FTU-møte den 3. desember.

Det skal i pilotprosjektet «Trafikksikker kommune» lagast ein intensjonsavtale mellom partane som ordførar, rådmann og Trygg Trafikk Hordaland skal skrive under på. Den går ut på at Austrheim kommune skal arbeida systematisk mot å verta ein trafikksikker kommune og oppfylla det som skal til for å verta ein godkjent trafikksikker kommune. Ei godkjenning (sertifisering) er eit kvalitetstempel for godt, målbevisst og heilskapleg arbeid med trafikktryggleik. Arbeidet skal forankrast i den administrative og politisk leiinga i Austrheim kommune. Arbeidet skal vera på tvers av avdelingar. Hordaland fylkeskommune og Trygg Trafikk Hordaland vil bistå Austrheim kommune i dette pilotarbeidet. Målet med dette arbeidet er å få færre trafikkskadar og ulykker i trafikken. Det vert ikkje direkte kostnadar for kommunen, me avdelingane og einingane må arbeida meir målretta framover her og ha meir fokus på dette feltet. Kvar kommune som vert sertifisert vil få eit tilskot opp til kr. 100.000 i pilotprosjektetperioden.

Vurdering:

Rådmannen meiner at kommunen er ein viktig aktør i arbeidet med å førebyggja ulykker i trafikken. Både som vegeigar, planleggjar, skule- og barnehageeigar, arbeidsgjevar og som kjøpar av transportenester har kommunen eit stort ansvar for å førebyggja ulykker. Rådmannen vil og peike på at kommunen med bakgrunn i lover og føreskrifter har plikt til å arbeide sytematisk med trafikktryggleik. Dette arbeidet må forankrast i den administrative og politiske leiinga. Oversikt over korr trafikkulykker/uhell skjer i kommunen og årsaken til desse er viktig kunnskap i det førebyggjende trafikktryggleikssarbeidet. Rådmannen er positiv til at Trygg Trafikk har utarbeida kriterier for kva ein trafikksikker kommune er og korleis kommunene bør arbeida med dette arbeidsfeltet, og at dei og fylkeskommunen har invitert Austrheim med i dette pilotprosjektet.

Rådmannen har fått godt inntrykk av pilotprosjektet og trur dette er ein god metode å systematisere arbeidet omkring trafikktryggleik i kommunen. Rådmannen ser at det å vera med i dette prosjektet vil og gjera det lettare å få midlar til tiltak til trafikksikring og andre tiltak som fremjar dette føremålet. Rådmannen rår til at Austrheim kommune no vert deltakar i pilotprosjektet "Trafikksikker kommune". Rådmannen rår til at ordføraren og rådmannen får fullmakt av formannskapet å skriva under på ein intensjonsavtale med Trygg Trafikk Hordaland og Hordaland Fylkeskommune. Rådmannen rår til at Austrheim kommune set ned ei administrativ arbeidsgruppe med maksimum fem personar som skal arbeide med pilotprosjektet «Trafikksikker kommune».

Konklusjon:

Austrheim kommune vert deltakar i pilotprosjektet "Trafikksikker kommune". Ordførar og rådmann får fullmakt til å skriva under på ein intensjonsavtale mellom Austrheim kommune, Trygg Trafikk Hordaland og Hordaland fylkeskommune. Rådmannen får fullmakt til setja ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide med pilotprosjektet «Trafikksikker kommune».

